



# Kommuneplanen sin arealdel 2024-2036 Bokn kommune

Vedteke av Kommunestyret i Bokn 24.09.2024

**Rapport nr. 6 - Temakart i samband med  
høring og fram til vedtak**

Rapportdato 21.06.2024

## Innleiing

Bokn kommune har engasjert ABO Plan & Arkitektur for å bistå med deloppgåve i samband med kommuneplanen sin arealdel i Bokn kommune. Føreliggande temakart er utarbeida i samband med prosess fom høyring og fram til vedtak av planframlegget. Kartgrunnlaget er oppdatert og i tråd med planforslag til vedtak.

## Innhald

<b>1</b>	<b>NATURFARE</b> .....	<b>3</b>
1.1	SKREDFARE.....	3
1.2	FLAUMFARE.....	5
1.3	MARIN GRENSE.....	7
<b>2</b>	<b>NATURMANGFALD</b> .....	<b>8</b>
2.1	MYROMRÅDE.....	8
2.2	MARINE NATURTYPAR.....	8
<b>3</b>	<b>FISKERIINTERESSER</b> .....	<b>11</b>
3.1	GYTEFELT OG REKETRÅLFELT.....	11
<b>4</b>	<b>LNF-SPREIDD</b> .....	<b>15</b>
<b>5</b>	<b>ENDRING AV AREALINNSPEL</b> .....	<b>16</b>
<b>6</b>	<b>KOMMUNEDELPLAN FOR E39 BOKN – BØMLAFJORDEN</b> .....	<b>17</b>

## 1 Naturfare

Karta er utarbeida i samband dialog og prosessar knytt til naturfare i høyringsperioden, m.a. å vurdere å kartfeste naturfarar i plankartet.

Kartgrunnlaget er henta ut frå NVE sin nedlastingsportal, mars 2023.

Alle temakarta er utarbeida 21.06.2024.

### 1.1 Skredfare


I høyringsforslaget er aktsemdskart for snøskred og steinsprang (NVE) synt for heile kommunen, uavhengig av arealføremål, H310 i plankartet. I gjennomgang av ny arealbruk (innspel) er ingen av desse innanfor aktsemdsområde for stein/snøskred, med unntak av ein veldig liten overlapp på LNF-spreidd næring (LSN5) på Ognøy.

Arealføremål i eksisterande kommuneplan som overlappar med H310 faresone skred

- Naustområde i Vågavågen (nordsida). Området er allereie dels utbygd.
- Bustadfelt Øyrenfeltet. Dels utbygd. Naturleg at det er plankrav på areala som står igjen og kan byggjast på.
- Fritidsføremåla nord for Trosnavåg. Dels utbygd. Dette er regulerte areal (gamle planar, der deler er utbygd), med unntak av FB2 lengst sør vest (ikkje regulert og utbygd). Naturleg at det er plankrav på arealet FB2. Sjå vedlagt figur
- Fritidsføremål FB3, sør for Trosnavåg. Deler regulert (2008) med unntak av areala lengst sør/aust. Naturleg at det er plankrav på arealet.
- Fritidsføremål FB15, Hognaland lengst aust. Ikkje detaljregulert og utbygd, men naturleg at det er plankrav på arealet.

Det er ingen LNF-spreidd areal som er omfatta av faresonene, men det er etablert ein del bygg i LNF.

Sjå kart på neste side som framhevar bygningar innanfor faresone H310 (om lag 60 bygningar, der av 19 bustadhus, 11 hytter, 2 naust, 3 næringsbygg og 18 bygg knytt til landbruk, samt 5 andre bygg). Zoom inn for å sjå detaljar.



## 1.2 Flaumfare

I høyringsforslaget er ikkje aktsemdskart for flaum synt, men dette vil verta lagt inn i revidert plan. Grunnlaget for aktsemdsområda vert henta frå NVE sine databasar. I høyringsforslaget er ny arealbruk (innspela) vurdert ifht. aktsemdskarta frå NVE, men også om det er registrert bekk/elva i grunnkart (FKB), samt temalaget overflatevatn i temakart Rogaland. I gjennomgang av ny arealbruk (innspel) er det to av innspela som overlappar med aktsemdsområde for flaum. Desse er:


- Trosnavåg næring i aust
- Boknabergvatnet, friluftsliv/grønstruktur

Arealføremål i eksisterande kommuneplan som overlappar med aktsemdsone for flaum er:

- Bustad og naustføremål i Føresvik sentrum. Utbygd
- Tenesteyting, bustad og naust i områda frå Boknabergvatnet til nord for Øyrenfeltet. Utbygd, med unntak av tenesteyting (o\_T2)
- Trosnavåg næringsområdet, austleg del. Utbygd
- Knarholmen næringsområde. Ubygd. Ingen reguleringsplan
- Grønnestadvågen naustområde. Utbygd
- Hognalandsvatnet, næringsområde og fritid. Dels utbygd.
- Sunnalandsvatnet, fritidsføremål. Reguleringsplan og utbygd.

Det er ingen LNF-spreidd areal som er omfatta av aktsemdssona, men det er nokre bygg i LNF som overlappar.

Sjå kart på neste side som framhevar bygningar innanfor aktsemdsone flaum (om lag 20 bygningar, der av 6 bustadhus og 5 hytter, 4 naust. 3 landbruksbygg og 2 anna bygg). Zoom inn for å sjå detaljar.




### 1.3 Marin Grense

Store deler av kommunen ligg under marin grense, sjå kart på neste side (zoom inn for å sjå detaljar).

Mange eksisterande bygg og anlegg, samt eksisterande og nye arealføremål for utbygging ligg under marin grense. I høyringsforslaget er ny arealbruk (innspela) vurdert ifht. over/under marin grense (NVE). I gjennomgang av ny arealbruk (innspel) overlappar desse areala med marin grense:

- Trosnavåg næringsområde (NÆ9-10)
- Knarholmen sør, næringsområde (NÆ11)
- Endra føremål i Alvestadkroken (kombinert føremål, NÆ/UNB)
- Kvote i LNF-spreidd bustad – Kro/Øvrabø (LSB2)
- (Øyren, småbåthamn i sjø)




## **2 Naturmangfald**


### **2.1 Myrområde**

Kartet er utarbeida for å vurdere om område kartfesta som myr skal synast som omsynssone i kommuneplan-kartet. Kartgrunnlaget er motteke Ar5 kart frå Karmøy kommune, juni 2023.  
Temakartet er utarbeida 21.06.2024.

### **2.2 Marine naturtypar**

Kartet er utarbeida for å vurdere om område kartfesta som marine naturtypar skal synast som omsynssone i kommuneplankartet. Kartgrunnlaget er henta wms-teneste frå naturbase, juni 2024.  
Temakartet er utarbeida 21.06.2024.





### 3 Fiskeriinteresser

#### 3.1 Gytefelt og rekestrålfelt

Karta er utarbeida for å sikre at fiskeriinteressene i Fiskeridirektoratet sin kartdatabase er teke i vare i kommuneplanen. Kartgrunnlaget er henta ut frå Fiskeridirektoratet sin nedlastingsportal, april 2023.


Alle temakarta er utarbeida 21.06.2024


Områda med fiskeriinteresser i kommuneplankartet til høyring er utheva med blått omriss i karta på dei neste sidene. Påskrift i kartet illustrerer; FI = Fiskeri GYO = gyteområde FE= ferdsel.


Dei ulike fiskeriinteressene frå Fiskeridirektoratet sin database er synt med farga skravur, sjå tegnforklaring.

I planforslaget til høyring er fiskeriinteressene teke i var slik i plankartet:

- Gytefelt torsk MB: Ikkje alle gytefelt for torsk er teke i vare i plankartet. Ein større del ikkje inkludert i kombinert føremål med GYO, Boknasundet og aust for Austre Bokn.
- Gyteområde alle artar: Alle gyteområda er teke i vare som kombinertføremål som inkluderer gyteområde bortsett frå eit areal aust for Austre Bokn, FI/FE/Ankringsområde.
- Rekestrålfelt: Alle rekestrålfelt er teke i vare som kombinert føremål som inkluderer fiskeri








#### 4 LNF-spreidd


Karta er utarbeida i samband med vurdering av føresegner til LNF-spreidd og eksisterande bygde eigedomar/ bygg. Kartgrunnlaget er henta ut FKB data med bygningsdata motteke frå Karmøy kommune, hausten 2022. Alle temakarta er utarbeida 09.05.2023.

Kartet under viser bustadar og hytter som ligg i LNF-område, og forslag til nytt kommuneplankart til høyring.



## 5 Endring av arealinnspel

I samband med prosessen fram til vedtak er det vurdert alternative avgrensingar av arealinnspel til næring ved Knarholmen, perioden juni - august 2023. Her er alternativ som ligg i planforslaget synt.



## 6 Kommunedelplan for E39 Bokn – Bømlafjorden

Statens vegvesen er i planprosess for å utarbeide Kommunedelplan for E39 Bokn – Bømlafjorden. Traseval er ikkje endeleg vedteke og kartet under viser planavgrønsinga for arbeidet med kommunedelplanen.

